

Statens vegvesen

Sjå vedlagde liste

Behandlande eining: Region sør	Sakshandsamar/innvalsnr: Turid Marie Leikvoll - 35581610	Vår referanse: 2010/002957-018	Dykkar referanse:	Vår dato: 18.06.2010
-----------------------------------	---	-----------------------------------	-------------------	-------------------------

E134 Seljord - Høydalsmo. Utlegging av reguleringsplanar til offentlig ettersyn

Vi viser til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid 31. august 2009.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 3-7 og 12-10 legg vi ut forslag til reguleringsplanar for utbetring av E134 på følgjande strekningar:

- Strekning 1: Seljord – Ordal i Seljord og Kviteseid kommunar
- Strekning 2: Brunkeberg – Hemmestveit i Kviteseid kommune
- Strekning 3: Morgedal – Mostøyl i Kviteseid og Tokke kommunar
- Strekning 4: Mostøyl – Høydalsmo i Tokke kommune

Reguleringsplanane vert send til berørte grunneigarar, offentlege instansar og interesseorganisasjonar etter vedlagde adresseliste.

Reguleringsplanane ligg ute til offentlig ettersyn i tidsrommet 22. juni til 16. august 2010 i Seljord, Kviteseid og Tokke kommunar, og hos Statens vegvesen Avdeling Telemark.

Følgjande materiale ligg ved for den aktuelle kommune og strekning:

Reguleringsplanhefte i målestokk 1:1000
Reguleringsføresegner
Planbeskrivelse

I tillegg ligg ved meir detaljerte teikningar av veglina (C-teikningar) og eigedomsinngrepa (W-teikningar) for den aktuelle eigedom.

Det er også utarbeidd eit reguleringsgrunnlag (teknisk teikningsgrunnlag) i form av plan- og profildeikningar, detaljteikningar, tverrprofil osv. Det er også utarbeidd støyrapport for strekningane. Dette materiale kan ein få ved å kontakte Statens vegvesen. Reguleringsplanane og reguleringsgrunnlaget vert også lagd ut på kommunane sine heimesider.

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 Arendal

Telefon: 815 48 000
Telefaks: 37 01 98 01
firmapost-sor@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Gjerpensgate 10
3709 SKIEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Vi ber spesielt om at grunneigarar melder frå om eventuelle brønnar, driftsavkøyrslar o.l. som kan ha betydning for planane.

Merknader til planforslaga skal sendast skriftleg innan **måndag 16. august 2010** til:

Statens vegvesen Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 Arendal

eller elektronisk til: firmapost-sor@vegvesen.no

Eventuelle spørsmål kan rettast til Turid Leikvoll (turid.leikvoll@vegvesen.no), telefon 35 58 16 10. På grunn av ferieavvikling tilgjengeleg i perioden 22. juni - 2. juli og frå 2. august.

Avdeling Telemark
Seksjon for plan og forvaltning
Med helsing

Eivind Gurholt
seksjonsleiar

Turid Marie Leikvoll
sjefingeniør

6 vedlegg

turidl/beribe